



Sognnes Bygg AS
Litleåsveien 79
5132 NYBORG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1244 - 16/10437

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.
no

Dato:
26.05.2016

GBNR 22/218 - Førebels svar på søknad om oppføring av lagerbygg

Det vert vist til Dykkar søknad, journalført motteke 6.5.2016. Søknaden gjeld oppføring av lagerbygg på delar av gbnr. 22/218.

Eigedomen er omfatta av reguleringsplan for Mjåtveit Næringsområde, planid: 1256 2012 0001. Område N/F/K01 og 02 er satt av til næring/forretning/kontor, medan område N/IND/L01 er satt av til næring/industri/lager. Omsøkt plassering ligg i felt N/F/K02 og er såleis satt av til næring/forretning/kontor.

Omsøkt lagerbygg er i samsvar med næringsformålet isolert sett. Intensjonen med planen var likevel å leggje til rette for forretning med behov for å vere synleg og med plassbehov i område N/F/K01 og 02. Rein lagerverksemd var tenkt på område N/INF/L01. Administrasjonen finn det difor tvilsamt at lagerbygg til lager av båtar, utan tiltenkte arbeidsplassar, kan seiast å vere i samsvar med reguleringsplanen.

I tillegg skal «[e]thvert tiltak etter kapittel 20 (...) prosjekteres og utføres slik at det etter kommunens skjønn innehar gode visuelle kvaliteter både i seg selv og i forhold til dets funksjon og dets bygde og naturlige omgivelser og plassering,» jf. pbl § 29-2, jf § 29-1. Ettersom ein på område N/F/K02 i all hovudsak ønskjer publikumsretta verksemd, kan vi i utgangspunktet ikkje sjå at ein bygning på 43*27 meter, utan vindauge, men med ein port og to dører, oppfyller krava i pbl § 29-2, jf. § 29-1.

Administrasjonen gjer merksam på at det omsøkte tiltaket vil kunne plasserast på område N/IND/L01. Der vil tiltaket vere i samsvar med reguleringsplan og pbl § 29-2. Vi ber difor tiltakshavar om å vurdere endra plassering. Viss vi ikkje har høyrte frå dykk innan fredag **17.6.2016**, vert søknaden handsama slik den ligg føre no.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Sognnes Bygg AS

Litleåsveien 79 5132

NYBORG